

Saksbehandlar: Marit Silje Årnes Husabø, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/7088-1

## **Reiserekningar - dispensasjon frå reglementet Arbeidsvilkår for folkevalde**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Søknaden frå Nils P. Støyva om dispensasjon frå punkt 6 i reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde» vert imøtekommen.
- 2 Dispensasjonen er gjeldande frå søknadstidspunktet 14. oktober 2014.

#### Vedlegg:

E-post frå Nils P. Støyva datert 14. oktober 2014

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Nils P. Støyva har teke til i arbeid i Førde. Av denne grunn vekependlar han mellom heimstaden i Stryn og hybeladressa i Førde. I helgar og enkelte vekedagar bur han i Stryn.

I reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde» punkt 6 står at det ein skal nytte folkeregisteradresse som utgangspunkt og returpunkt ved reisegodtgjersle. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt.

I e-post datert 14. oktober 2014 frå Nils P. Støyva søker han om å få ta utgangspunkt i reise til og frå Førde dei gangene han startar tenestereisa frå Førde. Dersom han til dømes er på hybeladressa i Førde og skal på eit møte i Førde, bør han kunne skrive reiserekningen frå Førde i staden for å bruke Stryn som utgangspunkt.

I dei tilfella det er slik at ei tenestereise samanfell med reise til eller frå den folkeregistrerte adressa, er det hensiktsmessig å fordele kostanden mellom fylkeskommunen og Støyva.